

Lover, regler og foreskrifter

Rammeverket for uttak av vilt.

Måldokument

Måldokument er anbefalt å innehalde

- Redusere bestanden til eit nivå som er anbefalt nivå tilpassa landbruksnæring?
- Tiltak for å auke kunnskap om hjorteforvaltning.
- Auke gjennomsnittsalder, kondisjon og produktivitet.
- Tilråding – tiltak som kan medverke til at måla vert nådd.

Rammer for forvaltninga er:

- Grunnlova
- 2. Lov om forvaltning av naturen sitt mangfald (naturmangfaldlova). Overordna lov som set generelle mål og prinsipp for berekraftig bruk og vern av naturresursar, inkludert viltforvaltninga.
- 3. Lov om viltet. (viltloven) Ressurslov som opererer innafor rammene sett av Naturmangfaldlova. Viltlova gjer meir spesifikke reglar for forvaltning av vilt.
- 4. Lov om skogbruk: Har føresegner som omhandlar viltforvaltning.
- 5. Føreskrift om forvaltning av hjorteviltet.
- Strategidokument?

Verktøya som vi har til forvaltning meir detaljert:

- **Grunnloven § 112;**
- *Alle har rett til eit helsesamt miljø og ein natur der produksjonsevna og mangfaldet blir haldne ved lag. Naturressursane skal disponerast ut frå ein langsiktig og allsidig synsmåte som tryggjer denne retten òg for komande slekter.*
- *Alle har rett til eit helsesamt miljø og ein natur der produksjonsevna og mangfaldet blir haldne ved lag. Naturressursane skal disponerast ut frå ein langsiktig og allsidig synsmåte som tryggjer denne retten òg for komande slekter.*
- *Dei statlege styresmaktene skal setje i verk tiltak som gjennomfører desse grunnsetningane.*

Naturmangfaldslova – konkretiserer dei overordna rammene for hjorteforvaltninga.

- **§ 4.(forvaltningsmål for naturtyper og økosystemer)**

- Målet er at mangfaldet av naturtypar blir ivareteke innanfor deira naturlege utbreiingsområde og med det artsmangfaldet og dei økologiske prosessane som kjenne teiknar kvar enkelt naturtype. Målet er også at økosystems funksjonar, struktur og produktivitet blir ivareteken så langt det blir rekna som rimeleg.

- **§ 5.(forvaltningsmål for arter)**

- Målet er at artane og dei genetiske mangfalda deira blir varetekne på lang sikt og at artane førekjem i levedyktige bestandar i sine naturlege utbreiingsområde. Så langt det må til for å nå dette målet blir også vareteke dei økologiske funksjonsområda til artane og dei andre økologiske vilkåra som dei er avhengige av.
- Forvaltningsmålet etter første ledd gjeld ikkje for framande organismar.
- Det genetiske mangfaldet innanfor domestiserte artar skal forvaltast slik at det bidreg til å sikra ressursgrunnlaget for framtida.

§ 5.(forvaltningsmål for arter

Målet er at artane og dei genetiske mangfalda deira blir varetekne på lang sikt og at artane førekjem i levedyktige bestandar i sine naturlege utbreiingsområde. Så langt det må til for å nå dette målet blir også vareteke dei økologiske funksjonsområda til artane og dei andre økologiske vilkåra som dei er avhengige av.

Forvaltningsmålet etter første ledd gjeld ikkje for framande organismar.

Det genetiske mangfaldet innanfor domestiserte artar skal forvaltast slik at det bidreg til å sikra ressursgrunnlaget for framtida

Kapittel III. Artsforvaltning mv.

§ 15.(forvaltningsprinsipp)

Hausting og anna uttak av naturleg viltlevande dyr skal følgja av lov eller vedtak med heimel i lov. Ved all aktivitet skal unødig skada og liding på viltlevande dyr og reira deira, bu eller hi blir unngått. Likeins skal unødig jaging av viltlevande dyr unngåast.

- Hausting og anna uttak av viltlevande plantar og sopp er tillaten så langt det ikkje truar overlevinga av den aktuelle bestanden eller blir avgrensa ved lov eller vedtak med heimel i lov.

§ 16.(høsting av vilt og lakse- og innlandsfisk)

- Vedtak om å tillata hausting av vilt treffest med heimel i lov 29. mai 1981 nr. 38 om jakt og fangst av vilt (viltloven).
- Hausting kan berre tillatast når best tilgjengeleg dokumentasjon tilseier at arten produserer eit haustingsverdig overskot.
- Ved avgjerda om å tillata hausting og om framgangsmåten ved hausting skal det vidare leggjast vekt på funksjonen til arten i økosystemet og den verknaden haustinga kan ha på det biologiske mangfaldet elles. Det skal også leggjast vekt på kva arten betyr for næring eller rekreasjon, haustingstradisjon i vedkommande område og på skade som arten gjer.
- Tredje og fjerde ledd gjeld ikkje ved vedtak om hausting av framande organismar.

Hjorteviltforeskrifta – Detaljreglar for hjorteforvaltninga

§ 1. Formål

- Formålet med denne forskriften er at forvaltningen av hjortevilt ivaretar bestandenes og leveområdenes produktivitet og mangfold. Det skal legges til rette for en lokal og bærekraftig forvaltning med sikte på nærings- og rekreasjonsmessig bruk av hjorteviltressursene. Forvaltningen skal videre sikre bestandsstørrelser som fører til at hjortevilt ikke forårsaker uakseptable skader og ulemper på andre samfunnsinteresser.
- **§3 Mål for forvaltning av elg, hjort og rådyr.**
- Kommunen skal vedta mål for utviklingen av bestandene av elg, hjort, og rådyr der det er åpnet for jakt på arten(e). Målene skal blant annet ta hensyn til opplysninger om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skader på naturmangfold, jord- og skogbruk og omfanget av viltulykker på veg og bane.

§ 4 INTERKOMMUNALT SAMARBEID

Kommunene bør samarbeide om felles mål for hjorteviltbestandene når det er hensiktsmessig å samordne bestandsplanleggingen over kommunegrenser. Fylkeskommunen kan pålegge kommuner å inngå i et slikt samarbeid hvis det anses som nødvendig for å ivareta bestands- eller samfunnsmessige hensyn på et regionalt nivå.

Hjorteviltforeskrifta

Forts.

§ 6.Fastsetjing av minsteareal for elg, hjort og rådyr.

Kommunen fastset minsteareal for elg, hjort og/eller rådyr i forskrift. Det kan fastsetjast ulikt minsteareal for ulike artar og for ulike delar av ein kommune.Forslag om endring av minsteareal blir fremja innan 15. januar. Ei eventuell forskriftsendring blir fastsett av kommunen innan 15. mars.

Hjorteviltforskrifta.

forts.

7.Fråvik frå *minstearealet

Kommunen kan ved tildeling av fellingsløyve fråvika minstearealet for elg, hjort og rådyr med inntil 50 prosent. Fråvik kan gjerast på bakgrunn av ulikskapar i levevilkåret til arten i kommunen, storleiken og utviklinga av bestanden, den skada viltet valdar eller andre ekstraordinære forhold.

Hjorteviltforskrifta

forts.

§ 8. Teljande areal for elg, hjort og rådyr.

For elg, hjort og rådyr skal kommunen som hovudregel regna skogareal og myr under skoggrensa som teljande areal.

Med skogareal siktar ein til både produktiv og uproduktiv skog, og både lauvskog og barskog.

Kommunen kan godkjenna andre arealtypar som teljande areal der desse har mykje å seia for vedkommande art.

Område som er omdisponerte slik at arealet ikkje lenger blir nytta av

Hjorteviltforskrifta

forts.

§ 9. Krav til vald for jakt på elg, hjort og rådyr.

Valdet skal vera samanhengande og ha ei avgrensing som gjer det eigna til jakt på elg, hjort og/eller rådyr.

Valdet må omfatta eit teljande areal som minst svarer til minstearealet for vedkommande hjorteviltart.

Valdet kan i tillegg omfatta andre areal enn teljande areal.

Jaktrettshavarane skal utnemna ein valdsansvarleg representant som opptrer på vegner av valdet overfor kommunen.

Hjorteviltforskrifta

forts.

§ 16. Godkjenning og endring av bestandsplan for elg og *hjort

Kommunen skal behandla søknad om godkjenning av ny bestandsplan eller endring i eksisterande bestandsplan innan 15. juni.

Ei godkjenning fastset fellingsløyve for heile bestandsplanperioden, og skal innehalda informasjon om moglegheita for overføring av berre nokre få fellingsløyve mellom år i perioden.

Kommunen kan trekkja godkjenninga tilbake og tildela nye fellingsløyve dersom arealkravet i § 15 ikkje lenger er oppfylt, ved manglande rapportering, ved vesentleg uventa endringar i bestanden i området eller ved vesentlege avvik frå godkjend bestandsplan, under dette avvik i forhold til årleg planlagde avskyting i tal, kjønn eller alder. Frist for kommunen til å trekkja godkjenninga tilbake er 1. april.

Hjorteviltforskrifta

forts.

§ 18. Fellingsløyve for elg og *hjort

Kommunen tildeler årleg fellingsløyve for elg og hjort til godkjende vald med eit teljande areal som minimum svarer til minstearealet.

Fellingsløyvet gjeld innanfor det godkjende valdet.

For vald eller bestandsplanområde med godkjend bestandsplan skal fellingsløyva visa talet på dyr utan spesifikasjon på alder og kjønn, og avskytningen skal utførast i samsvar med alder og kjønn i godkjend bestandsplan. For bestandsplanområde blir tildelte fellingsløyva kvart enkelt vald.

For vald utan godkjend bestandsplan blir berekna talet på fellingsløyve ved å dividera det teljande arealet til valdet med gjeldande minsteareal.

Fellingsløyve skal fordelast på følgjande *kategoriera.

elg: kalv ($\frac{1}{2}$ år), vaksne hodyr ($1\frac{1}{2}$ år og eldre), vaksne hanndyr ($1\frac{1}{2}$ år og eldre),

b.hjort: kalv ($\frac{1}{2}$ år), vaksne hodyr ($1\frac{1}{2}$ år og eldre), spissbuk (buk med *ugreina gevir), og vaksne hanndyr ($1\frac{1}{2}$ år og eldre).

For begge artane kan kalv felles i staden for vaksne dyr.

Kommunen skal senda fellingsløyvet til valdsansvarleg representant innan 15. juni.